

MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3862 - 18/31393

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

16.10.2018

Helseverngodkjenning - Manger skule

Manger skule vart rehabilert i 2013 – 2014, og dusj/garderobe i 2017. I samband med rehabilitering sokjar Manger skule om godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* for 200 elevar. Hausten 2018 vart det satt opp ei paviljong som skal vere knytt til skulen i 2 år.

Godkjenning av skulen og paviljong vart vurdert på synfaring den 17.9.18

➤ Saksutgreiing

Manger skule sokte om ny godkjenning i 2015, etter rehabilitering. Skulen vart ikkje godkjent etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." då krav i forskriftena ikkje var oppfylt (ref. 14/3862 – 15/29619). Den 12.3.18 mottok miljøretta helsevern ny søknad om godkjenning etter forskriftena (ref. 14/3862 – 18/8648).

Miljøretta helsevern har vore på fleire møter knytt til godkjenninga, og det vart bestemt at synfaring av skulen skulle vente til paviljong var satt opp hausten 2018.

Den 17.9. 18 møtte miljøretta helsevern v/Grethe Elin Mjelde og Ingvild Lindborg (hospitant) på Manger skule for å vurdere om det var grunnlag for å utstede helseverngodkjenning etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* (forskriftena). Rektor Inger Morken Ellingsen møtte frå verksemda.

Det er 180 elevar ved skulen i 2018, og 31 tilsette.

Skulen er berekna for ca. 200 elevar i følgje opplysningar i søknad frå 2015.

Paviljong er satt opp hausten 2018 og inneheld 3 klasserom, 3 grupperom , 3 toalett og eit HC-toalett.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

- **Heimel**

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifa "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleiving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

➤ Oppsummering og vurdering

For at skulen skal kunne godkjennast etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*, skal alle krav i forskrifa vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår.

Vurdering - Syner til vedlegg 1 «Gjennomgang og vurdering».

Ved gjennomgang av dokumenter i saka samt synfaring, vurderer Miljøretta helsevern at Manger skule oppfyller vilkåra for godkjenning.

Einskilde merknader som er vurdert *delvis tilfredsstillande eller merka med rødt*, vurderast som merknad og ikkje som avvik i høve til forskriftas krav. Merknader bør utbetrast, (ev. plan for utbetring).

Paviljong inneholder 3 klasserom med tilhøyrande grupperom. Paviljong skal etter plan tilhøye skulen i 2 år. Radøy kommune held på med ei moglegheitstudie for å kartlegge framtidig utbygging og meir uteareal. Når ev. utbygging vert utført, vil paviljong bli erstattaa av tilbygg.

➤ Delegeret vedtak

Manger skule godkjennast med heimel i § 6 i *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* for inntil 200 elevar.

Godkjenning er gitt med bakgrunn i gjennomgang av internkontroll, samt synfaring på skulens inne- og uteområde.

Ved vesentlege endringar i drift eller bygningsmessige forhold, skal det på førehand søkast om godkjenning. Ved tvil kan man ta kontakt med Miljøretta helsevern.

Fylgjande manglar bør rettast opp – syner til «Gjennomgang og vurdering» - vedlegg 1:

- §§ 9 og 14;
 - Kommune bør skaffe meir uteareal om elevtalet aukar til 200 elevar.
 - Vidare plan for trafikktryggleik bør utarbeidast..
- § 13; Skulen manglar reinhaldsplan for uteområdet. Dette bør på plass.
- § 14; Skulen/kommunen må vise til at leikeplassutstyr vert kontrollert etter gjeldande forskrifter.

Paviljong godkjennast etter forskrifa.

Om klage over vedtak:

Vedtaket kan pålagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*. Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern. Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg 1: Gjennomgang og vurdering

Lenk til forskrift og rettleiing:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Kopi til:

Einar Færø
Helge Vallestad
Inger Morken Ellingsen
Jarle Landås
Olaf Michal Hella
Radøy kommune